



Arkivnr: 2015/11453-42
Saksbehandlar: Adeline Berntsen Landro

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Hordaland fagskulestyre		15.09.2016

Endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland

Samandrag

Stortinget har vedteke endringar i fagskulelova som trådde i kraft 1. juli 2016. På bakgrunn av dette er det gjort endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland. Mellom anna er det gjort endringar i studentane sin klagetilgang i høve til lokal og nasjonal klagenemnd. Studentane sine rettar er styrka samtidig som disiplinære tiltak er skjerpa.

Forslag til vedtak

Endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland vert vedteke som det kjem fram av saka.

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring
ansvarleg for saksførebuing til fagskulestyret

Linda Farestveit
seksjonsleiar skule

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Revidert studentreglementet for Fagskolane i Hordaland

Fylkesrådmannen, 23.08.2016

Stortinget har vedteke endringar i fagskulelova som trådde i kraft 1. juli 2016. På bakgrunn av dette er det gjort endringar i studentreglementet for Fagskolane i Hordaland. Forslag til revidert studentreglement ligg vedlagt, og endringane er som følgjer:

Gjennomgåande endring i heile studentreglementet:

Nemninga Hordaland fagskulestyre er endra til styret eller fagskulestyret, av di NOKUT ved tidlegare høve har kommentert at det er uklart kven som vert rekna som tilbydar når styret for Fagskolane i Hordaland har eit namn. Det vart derfor bestemt at nemninga Hordaland fagskulestyre berre skulle nyttast som eit internt namn for å skilje det frå andre styre i fylkeskommunen.

Opphøveleg tekst:

§ 10. Tap av rettar/bortvising

Ein student som, trass munnleg og deretter skriftleg varsel frå rektor, opptrer i strid med reglane i dette dokumentet, kan etter vedtak av rektor bli bortvist frå institusjonen i inntil ei veke. Med bortvisning meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden.

Avgjerd om bortvisning skal ikkje få innverknad på studentens vurderingsgrunnlag. Vedtak om bortvisning er eit enkeltvedtak og studenten har klagerett. Sjå punkt G. Klage og klagehandsaming for korleis ein går fram ved klage.

Ein student som grovt klanderverdig har handla på ein slik måte at det er skapt fare for liv eller helse for andre studentar, tilsette eller andre som studenten har å gjere med som del av opplæringa, eller som gjer seg skuldig i grove brot på teieplikta, eller i grovt usømeleg oppførsel, kan etter vedtak av rektor verte utvist frå skulen. Med utvisning meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet i inntil to år. Studenten skal ha høve til å forklara seg før kvart vedtakspunkt.

Det vert gjeve melding til arbeidsgjevar og Statens lånekasse dersom ein student tapar retten til å fullføre utdanninga.

Studentar som tapar retten til å fullføra utdanninga, jamfør denne paragraf, kan søkje ny studieplass etter to år, men må starta utdanninga på nytt.

Vedtak om tap av rettar er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt G. Klage og klagehandsaming for korleis ein går fram ved klage.

Ny tekst:

Ny § 10. Utestenging og bortvising

Ein student som trass skriftleg varsel frå fagskulen gjentekne gonger opptrer på ein måte som verkar grovt forstyrrande for medstudentar sitt arbeid, eller for verksemda ved fagskulen elles, kan etter vedtak av styret ved klagenemnda, verte bortvist frå fagskulen i inntil eitt år. Med bortvisning meiner ein at studenten ikkje får delta i undervisning eller opphalde seg på skulen sitt område i bortvisningsperioden. Dersom ein student trass i skriftleg varsel frå fagskulen ikkje etterkjem eit vedtak om bortvisning, kan styret vedta å stenge ute studenten frå utdanninga i inntil eitt år. Med utestenging meiner ein her å miste retten til å fullføre studiet.

Styret ved klagenemnda kan vedta at ein student som har skapt fare for liv eller helse for - eller har oppført seg grovt usømeleg overfor - nokon som studentane har møtt i samband med undervisning eller praksisopplæring, skal verte utestengt frå fagskuleutdanning med klinisk undervisning og praksisstudium og verte fråteken retten til å gå opp til eksamen i slik utdanning ved fagskulen i inntil tre år. Det same gjeld dersom ein student har brote lovfesta teieplikt.

Styret ved klagenemnda, kan vedta at ein student som har nytta falskt vitnemål, andre falske dokument eller anna form for urett åtfærd (jf. § 20), eller som har fuska eller forsøkt å fuske (jf. § 19), skal verte utestengt frå all utdanning ved fagskulen og verte fråtatt retten til eksamen ved fagskulen i inntil eitt år. Tilsvarande gjeld for ein student som forsetteleg har medverka til fusk.

Eit vedtak om bortvising eller utestenging av ein student kan berre fattast med minst to tredels fleirtal i styret eller klagenemnda. Studenten skal ha høve til å forklare seg før kvart vedtakspunkt. Vedtaket er eit enkeltvedtak, og studentane kan klage til nasjonalt klageorgan for fagskuleutdanning. Sjå punkt *G. Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Om endringa:

Endringane i § 10 i studentreglementet er gjort etter lovteksta i § 10 i fagskulelova. Dei disiplinære sanksjonane er etter oppdatering av lovverket strengare enn tidlegare føresegner om utestenging og bortvising. Ved vedtak om utestenging eller bortvising kan studenten klage til ei nasjonal klagenemnd.

Opphøveleg tekst:

§ 14. Dokumentasjon

Studentar som fullfører og består ei utdanning, vil få utdelt vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde:

- Emna som inngår i utdanninga.
- Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet.
- Overordna læringsutbytte.
- Omtale av eventuell praksis.
- Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd.
- Karaktersystemet som vert nytta og talet på fagskulepoeng.

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

For deltidsstudentar vert det skrivne ut kompetansebevis etter kvart fullført emne, der mål og innhald vert omtala i samsvar med fag- eller studieplan.

Om ein student berre har fullført delar av ei utdanning, vert det skrivne ut eit kompetansebevis for dei emna studenten har fullført.

Ny tekst:

§ 14. Dokumentasjon

Studentar som fullfører og består ei utdanning vil få utdelt vitnemål.

Vitnemålet skal innehalde:

- Emna som inngår i utdanninga
- Omfang av emna og oppnådd karakter skal førast på vitnemålet
- Overordna læringsutbytte
- Omtale av eventuell praksis
- Nivå i Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk (NKR) og kvalifikasjonen som vert oppnådd
- Karaktersystemet som vert nytta og talet på fagskulepoeng

På vitnemål for teknisk fagskule skal fagretning, fordjuping og tittel på hovudprosjektet gå fram.

Ein student som ikkje har fullført heile utdanninga, kan be om ei karakterutskrift som syner beståtte eksamenar, prøver og andre vurderingar.

Om endringa:

Dei to siste ledda i paragrafen er erstatta med ei setning om at studenten kan be om karakterutskrift. Omgrepet kompetansebevis er erstatta med omgrepet karakterbevis jf. fagskulelova.

Opphavelig tekst:§ 17. Fritak frå emne og innpassering av likeverdig kompetanse**Fritak:**

Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne.

Rektor tek avgjerd om fritak av emne. Søknad må innehalde dokumentasjon (vitnemål eller kompetansebevis) på utdanninga eller realkompetansevurderinga studenten søkjer om fritak for.

Innpassering:

Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om innpassering av delar av tidlegare utdanning. Læringsutbyttebeskrivingane eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på innpassering av eit emne.

Vurdering av innpassering og fritak:

Rektor tek avgjerd om innpassering av emne. Vurderinga om innpassering eller fritak vert gjort på bakgrunn av læringsutbyttet for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, omfanget (t.d. fagskulepoeng), nivå og arbeidsbelastning. Ei utdanning som ikkje har læringsutbyttebeskrivingar vert vurdert ut frå utdanninga sin studieplan.

Søknad må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet som studenten ønskjer å søkje fritak eller innpassering for. Nærare bestemt:

- Vitnemål eller kompetansebevis
- Oversikt over kva delemne som inngår i emnet
- Oversikt over læringsutbyttebeskrivinga for emnet, eller studieplan

Søknadsfrist er to veker etter skulestart.

Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassering av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål.

Ved avslag på søknad om fritak eller innpassering av emne har studenten klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Ny tekst:§ 17. Fritak frå emne og innpassering av likeverdig kompetanse**Fritak:**

Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått anna type utdanning eller har fått realkompetanse for delar av ei fagskuleutdanning, kan studenten søkje om fritak frå eitt eller fleire emne.

Innpassering:

Dersom studenten kan dokumentere å ha bestått likeverdig eller tilsvarende emne ved same eller ein annan institusjon, kan studenten søkje om innpassering av delar av tidlegare utdanning. Læringsutbyttebeskrivingane eller studieplan vert nytta for å vurdere om studenten har rett på innpassering av eit emne.

Vurdering av innpassering og fritak:

Rektor tek avgjerd om innpassering og fritak av emne. Vurderinga om innpassering eller fritak vert gjort på bakgrunn av læringsutbyttet for den aktuelle utdanninga eller det aktuelle emnet, omfanget

(t.d. fagskulepoeng), nivå og arbeidsbelastning. Ei utdanning som ikkje har læringsutbyttebeskrivingar vert vurdert ut i frå utdanninga sin studieplan.

Søknad må innehalde dokumentasjon av omfang og innhald i emnet som studenten ønskjer å søkje fritak eller innpassering for. Nærare bestemt:

- Vitnemål / karakterutskrift / realkompetansevurdering
- Oversikt over kva delemne som inngår i emnet
- Oversikt over læringsutbyttebeskrivinga for emnet eller studieplan

Søknadsfrist er to veker etter skulestart.

Om ein student får godkjent søknad om fritak av eit emne, skal dette kome fram på vitnemålet med referanse til bestått emne ved same eller annan institusjon. Vitnemålet er berre gyldig saman med dokumentasjonen som det vert referert til. Ved innpassering av eitt eller fleire emne er det siste utdanningsinstitusjon som skriv ut vitnemål.

Ved avslag på søknad om fritak eller innpassering av emne har studenten klagerett. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis gå fram ved klage.

Om endringa:

Kompetansebevis er erstatta med karakterutskrift, og teksten er noko omstrukturert.

Opphavelag tekst:

§ 19. Fusk og forsøk på fusk

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming.

Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert.

Det er rektor som fattar vedtak om annullering på grunn av fusk eller forsøk på fusk. Annullering av eksamen eller prøve grunna fusk, eller forsøk på fusk, er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

Ny tekst:

§ 19. Fusk og forsøk på fusk

Det vert vurdert som fusk om ein student nyttar ulovlege hjelpemiddel under eksamen eller prøve, eller på andre måtar handlar i strid med eksamensreglemenet eller reglar om kjeldebruk bestemt av fagskulen. Om det under eksamenar eller prøvar med tilsyn oppstår situasjonar som gjer at ein student kan mistenkast for fusk, skal studenten straks gjerast merksam på at forholda vil bli rapportert til fagskulen sin administrasjon for vidare handsaming.

Studenten skal ha høve til å velje om han/ho ønskjer å avbryte eller fortsette eksamen. Det same gjeld for studentar som har hjelpt andre til fusk. Studentar som har fuska eller forsøkt å fuske, vil få eksamen eller prøve annullert.

Det er styret ved klagenemnda som fattar vedtak om annullering (jf. § 20) på grunn av fusk eller forsøk på fusk. Annullering av eksamen eller prøve grunna fusk, eller forsøk på fusk, er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket til den nasjonale klagenemnda. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

Om endringa:

Endring jf. fagskulelova er at det er styret og ikkje rektor som fattar vedtak om annullering av prøve, samt studentane sine rettar i høve til klagetilgang gjennom nasjonal klagenemnd.

Opphavleg tekst:§ 20. Annullering av eksamen

Hordaland fagskulestyre kan annullere eksamen/emne om studenten er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppføring.

Hordaland fagskulestyre kan annullere godskriving eller godkjenning av utdanninga eller fritak for eksamen om studenten har oppnådd dette ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for uhøvisk oppføring.

Høve til annullering vert ikkje forelda.

Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdingslova kap.13. Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gje melding om annullering til vedkommande mynde.

Annullering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

Ny tekst:§ 20. Annullering av eksamen

Styret ved klagenemnda kan annullere eksamen/emne om studenten er blitt tatt opp til utdanninga ved hjelp av falskt vitnemål eller anna form for utilbørleg oppføring.

Styret ved klagenemnda kan annullere fritak for - eller innpassering av - utdanning og kompetanse om studenten har oppnådd dette ved hjelp av falskt vitnemål, andre falske dokument, eller anna form for uhøvisk oppføring.

Høve til annullering vert ikkje forelda.

Etter avgjersle om annullering skal eventuelt vitnemål eller karakterutskrift leverast tilbake til fagskulen. Om vitnemål eller karakterutskrift ikkje vert levert tilbake til skulen i rett tid, kan skulen krevje hjelp frå namsmannen i samsvar med reglane i tvangsfullbyrdingslova kap.13. Dannar vitnemålet grunnlag for autorisasjon for yrkesutøving, skal fagskulen gje melding om annullering til vedkommande mynde.

Annullering av eksamen er eit enkeltvedtak, og studenten kan klage på vedtaket til den nasjonale klagenemnda. Sjå punkt G. *Klage og klagehandsaming* for korleis ein går fram ved klage og kva rettar studenten har ved disiplinære sanksjonar.

Om endringa:

Endringa er at det er styret ved klagenemnda som er vedtaksfør i høve til annullering av eksamen, samt at studentane kan klage til det nasjonale klageorganet. Teksten er også oppdatert i høve til omgrepa innpassering og fritak som studentane har rett til å søkje om.

Opphavelig tekst:**G. Klage og klagehandsaming**§ 21. Klageinstans, framgangsmåte og fristar

Klageinstans

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les meir om grunngjeving for karakter, klage på mappeevaluering/emnevurdering og eksamen under § 23 – 25.

Ved alle andre tilhøve er det Hordaland fagskulestyre som er ansvarleg for klagehandsaming. Hordaland fagskulestyre har oppretta ei særskilt klagenemnd som handsamar klager på vegner av styret. Klagenemnda består av minimum to personar frå fagmiljøa ved fagskulane og éin student med personleg vara. Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Følgjande tilhøve vert handsama av fagskulestyret si klagenemnd:

- formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
- eksamen under særskilte vilkår
- disiplinære sanksjonar
- opptak
- fritak eller innpassering av emne

Ny tekst:**G. Klage og klagehandsaming**§ 21. Klageinstans, framgangsmåte og fristar**Klageinstans**

Ved klage på karakterfastsetjing vert det gjeve ny sensur eller ny vurdering. Les meir om grunngjeving for karakter, klage på mappeevaluering/emnevurdering og eksamen under § 23 – 25.

Ved klage på bortvising, utestenging eller annullering av eksamen er det den nasjonale klagenemnda som er klageinstans.

Ved alle andre tilhøve er det styret ved klagenemnda som er ansvarleg for klagehandsaming. Klagenemnda består av minimum fem medlemmer etter følgjande kvalifikasjonar:

- leiar og vara for leiar fyller dei lovfesta krava til lagdommarar og er ikkje tilsett ved fagskulen
- to medlemmer frå Fagskolane i Hordaland
- to studentar

Alle medlemmane har personleg vara.

Mandatet til klagenemnda vert innretta i høve til Forvaltningslova.

Klage på følgjande tilhøve vert handsama av styret si klagenemnd:

- formelle feil ved eksamen (t.d. feil ved oppgåveteksten, eksamensavvikling eller ved gjennomføring av sensur)
- eksamen under særskilte vilkår
- opptak
- fritak eller innpassering av emne

Om endringa:

Det er lagt til ei setning om den nasjonale klagenemnda. Det er per i dag ikkje kome informasjon om kvar studentane skal vende seg i høve til den nasjonale klagenemnda, og dette må difor bli skrive inn i studentreglementet på eit seinare tidspunkt.

Samansetninga av styret er endra jf. endringane i fagskulelova om lokal klagenemnd.

Punktet disiplinære sanksjonar er fjerna under tilhøva som studentane kan klage på av di det er den nasjonale klagenemnda som er klageinstans for desse tilhøva.

Opphavleg tekst:§ 22. Disiplinære sanksjonar

Ved alvorlege tilhøve, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller tap av rettar, skal studenten ha høve til å forklare seg for rektor før det vert fatta vedtak. Studenten skal ha grunngjeving når det er fatta eit vedtak. Studenten har vidare rett til å møte for klagenemnda og leggje fram si sak. Klagenemnda kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om han/ho skal møte for klagenemnda.

Ny tekst:§ 22. Disiplinære sanksjonar

Ved alvorlege tilhøve, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller utestenging, skal studenten ha høve til å forklare seg for rektor før det vert fatta vedtak. Studenten skal ha grunngjeving når det er fatta eit vedtak. Studenten har vidare rett til å møte for klagenemnda og leggje fram si sak. Klagenemnda kan oppheve/endre vedtak som er fatta av rektor. Studenten har rett til å ha med seg studentrepresentant om han/ho skal møte for klagenemnda.

Om endringa:

Følgjande setning er endra for å gjere bruken av spesifikke omgrep gjennomgåande i dokumentet:

Ved alvorlege tilhøve, som til dømes vedtak om fusk, erstatningsansvar, bortvisning eller ~~utestenging tap av rettar~~, skal studenten ha høve til å forklare seg for rektor før det vert fatta vedtak.

Opphavelg tekst:§ 23. Grunngjeving for karakterfastsetting

Ein student har rett til grunngjeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er meddelt. Ved anna vurdering må krav om grunngjeving framsetjast innan 3 veker frå karakteren vart kunngjort eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

Grunngjeving skal normalt vere gitt innan ti dagar etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og for vurderinga av studenten sin prestasjon.

Grunngjeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngjevinga, må sensor levera skriftleg grunngjeving til klagehandsamar.

Om studenten har bede om grunngjeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage innan 3 veker etter å ha motteke grunngjeving for karakterfastsettinga. Studenten vert oppmoda til å be om grunngjeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav.

Ny tekst:§ 23. Grunngjeving for karakterfastsetting

Ein student har rett til grunngjeving ved karakterfastsetting ved mappevurdering, prøvar, innleveringar og andre arbeidskrav som dannar grunnlag for mappevurdering/emnekarakter og eksamen. Ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter må krav om grunngjeving setjast fram straks etter at karakteren er meddelt. Dersom karakteren vert kunngjort elektronisk må krav om grunngjeving framsetjast innan éi veke. Ved anna vurdering må krav om grunngjeving framsetjast innan 3 veker frå karakteren vart kunngjort eller det var rimeleg at kandidaten fekk kjennskap til karakteren.

Grunngjeving skal normalt vere gitt innan 2 veker etter at studenten har sett fram krav om det. I grunngjevinga skal det gjerast greie for dei generelle prinsippa som ligg til grunn for vurderinga og

for vurderinga av studenten sin prestasjon. Dersom det er gitt skriftlege retningsliner for bedømminga skal desse vere tilgjengelege for studentane etter at karakteren er fastsett.

Grunngjeving vert gjeve munnleg eller skriftleg etter sensor sitt val. Vert det sett fram klage basert på grunngjevinga, må sensor levera skriftleg grunngjeving til klagehandsamar.

Om studenten har bede om grunngjeving innan fristen, vil studenten kunne setje fram klage innan 3 veker etter å ha motteke grunngjeving for karakterfastsettinga. Studenten vert oppmoda om å be om grunngjeving før klage vert sett fram, men det er ikkje eit krav.

Om endringa:

I fyrste avsnitt er det lagt til ei setning om at studentane kan setje fram krav om grunngjeving etter 1 veke dersom karakter vert kunngjort elektronisk ved munnleg eksamen eller vurdering av praktiske ferdigheiter.

Tidsfrist for å gje grunngjeving er i andre avsnitt endra frå ti dagar til 2 veker jf. fagskulelova. Siste setning i dette avsnittet er også lagt til jf. endringane i fagskulelova.